



KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET  
Postboks 8112 DEP  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Renate Frøyen, 71 25 84 15

## Høring - pliktig innmelding av grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser til forslaget om pliktig innmelding av grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar. Vi støtter forslaget.

Pliktig innmelding av grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar vil gje betre og meir heilskapleg kunnskapsgrunnlag om avdekka reell fare. Dette er kunnskap vi meiner bør vere offentleg og lett tilgjengeleg. Kjennskap om reell fare gjev samfunnet betre føresetnadar for å arbeide førebyggjande med samfunnstryggleik, mellom anna gjennom arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyser, og i samfunns- og arealplanlegginga. Kunnskapen kan òg verte nyttig ved krisehandtering, og i oppfølginga etter uønskte naturhendingar.

Det er viktig at kunnskapen gjerast lett tilgjengeleg for ålmenta, og er enkel å forstå for dei som skal bruke informasjonen.

Med helsing

Stine Sætre (e.f.)  
fylkesberedskapssjef

Renate Frøyen  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

